



Miljødirektoratet jobbar for eit reint og rikt miljø. Våre hovudoppgåver er å redusere klimagassutslepp, forvalte norsk natur og hindre forureining. Vi er eit statleg forvaltingsorgan underlagt Klima- og miljødepartementet og har omlag 700 tilsette ved våre to kontor i Trondheim og Oslo, og ved Statens naturoppsyn (SNO) sine meir enn 60 lokalkontor.

# Vil du hjelpe til med å styrkje arbeidet med klimatilpassing?

[Klimaavdelinga](#) har ansvaret for Miljødirektoratet sine oppgåver på klima. Vi implementerer norsk klimapolitikk, medrekna blant anna klimavotesystemet, og vi gir råd om nye tiltak og verkemiddel for å redusere klimagassutsleppa. Avdelinga koordinerer klimatilpassingsarbeidet i Noreg, og følgjer opp arbeidet med lokal luftkvalitet. Klimaavdelinga har rundt 60 tilsette.

[Seksjon for klimatilpassing og lokale klimatiltak \(KLK\)](#) er ein av fem seksjonar i klimaavdelinga. Seksjonen jobbar med utsleppsreduksjonar og klimatilpassing retta mot kommunal og regional forvaltning. Vi hjelper departementet med å leggje til rette det heilskaplege arbeidet til regjeringa med klimatilpassing og har ansvaret for koordinering av klimatilpassing på statleg nivå.

Seksjonen har 12 medarbeidarar og har medarbeidarar både på Brattøra i Trondheim og på Helsefyrtårnet i Oslo. Arbeidsstad for stillingane kan vere enten i Oslo eller Trondheim.

Vi søker no tre dyktige rådgivarar/seniorrådgivarar som kan hjelpe til med å styrkje arbeidet vårt. Ei fast stilling og to vikariat med tenkt lengd ut april 2019 og desember 2019.

## Arbeidsområda for stillingane er:

- Delta i koordineringsarbeidet på klimatilpassingsområdet og vidareutvikle koordineringsrolla, medrekna kontakt med relevante styresmakter og forskingsmiljø.
- Rettleie og utvikle rettleiing knytt til klimaomsyn i planlegging på kommunalt og regionalt nivå.
- Hjelp til med rapportering av nasjonalt arbeid på klimatilpassing.
- Utgreiingsoppgåver og - prosjekt innan nemnde fagområde, samt diverse oppdrag som rådgivarar spesielt for Klima- og miljødepartementet.
- Delta i internasjonalt arbeid.

## Kvalifikasjonar

- Høgare utdanning på mastergradnivå eller tilsvarande er ønskeleg. Studentar som fullfører mastergraden sin inneverande semester kan vurderast. Vi ønskjer først og fremst naturvitskapleg, samfunnsvitskapleg og/eller juridisk kompetanse innan fagområde som er relevant for klimatilpassing.
- Erfaring frå sjølvstendig arbeid innanfor relevante fagområde er ønskeleg. For seniorrådgivar er 3-5 års relevant arbeidserfaring minimum.
- God kunnskap om planlegging etter plan- og bygningslova er ønskeleg.
- God kunnskap om klimaendringar og klimatilpassing er ønskeleg.
- Erfaring med rettleiing, rapportering og/eller evalueringsarbeid blir vektlagd.
- Erfaring frå utviklings- og utgreiingsarbeid og arbeid i/mot offentleg forvaltninga er ønskeleg.
- Du har gode skriftlege og munnlege framstillingsevner på norsk og engelsk.

## Eigenskapar

- Du er analytisk og strukturert
- Du er resultatorientert og har evne til å levere
- Du har god samfunns- og rolleforståing, og er god til å vurdere heilskap og samanhengar
- Du har gode evner til samarbeid og til å bygge relasjonar.

## Vi tilbyr

- ei fast stilling og to vikariat med tenkt lengd ut april 2019 og desember 2019
- utfordrande arbeidsoppgåver på eit viktig samfunnsområde
- god moglegheit for fagleg og personleg utvikling

- eit breitt tilbod av sosiale, kulturelle og sportslege aktivitetar, inkludert trening i arbeidstida
- fleksible arbeidstidsordningar og gode pensjons- og bustadlånordningar i [Statens pensjonskasse](#)
- Løn som rådgivar frå kr 459 100 (Itr. 53) til kr 569 000 (Itr. 65), lønn som seniorrådgivar frå kr 517 700 (Itr. 60) til kr. 650 200 (Itr. 72) etter erfaring og kvalifikasjonar. Særskild kvalifiserte søkjarar kan vurderast høgare.

Kontaktpersonar for stillinga er seksjonsleiar Herdis Laupsa, telefon 930 69 271, e-post: herdis.laupsa@miljodir.no. Spørsmål om søknadsprosessen kan også stillast til Wenche Kristiansen, Badenoch & Clark, wenche.kristiansen@badenochandclark.no, telefon 922 83 756.

Som IA-bedrift ønskjer vi ei balansert alders- og kjønnsamansetjing og å rekruttere fleire personar med redusert funksjonsevne og personar med innvandrarakgrunn.

**Vi ber deg om å sende søknad med vitnemål og attestar elektronisk gjennom Jobbnorge.**

Det vil bli utarbeidd offentleg søkjarliste ved søknadsfristens utløp. Opplysingar om søkjaren kan bli offentleggjorde sjølv om søkjaren har bedt om ikkje å bli ført opp på søkjarlista, jmf. offentleglova §25. Dersom oppmodinga ikkje vert etterkomen, skal søkjaren ha melding, og skal bli gitt høve til å trekkje søknaden sin.

**Referanse: 16-2018 KLIK**

**Søknadsfrist: 07.03.2018**

Jobbnorge-ID: 148450, Søknadsfrist: Avsluttet